



Haugland Maskin har utført elveførebygging på to punkt ved Rabben Feriesenter.

Haugland Maskin har utført elveførebygging på to punkt i elva ved Rabben Feriesenter. Bakgrunnen er naturskade etter stormen Nina med flaum og stor vassføring. Arbeidet har ført til at det er rydda og stelt fint til langs elva på desse korte strekningane.

Steinar Myklebust er godt nøgd med at dette arbeidet vart gjort no. Det er ei forsikringssak. Om ikkje skaden hadde vorte utbetra, kunne elva brote seg gjennom elvefyllinga og gjort stor skade på hus og anlegg. Tor Ove Haugland frå Haugland Maskin har rydda og forsterka elvefyllinga. Det er lagt stabbesteinar på elvekanten for å markera eit skilje mellom fyllinga og gangvegen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal